ALVER
KOMMUNE

Runar Erlend Hilland
Ikenberget 11
5911 ALVERSUND

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Per Sveinar Morsund | 08.09.2021 |
| Vår: 21/268 - 21/59227 | per.sveinar.morsund@alver.kommune.no | |

# Orientering om status i sak - gbnr 137/361 Alver

| | | |
| --- | --- | --- |
| **Tiltak:** | Tilrettelegging av adkomst | |
| **Byggjestad:** | Gbnr: 137/361 | Alver |
| **Tiltakshavar:** | Runar Erlend Hilland | |

**Saka gjeld**
Kommunen tek kontakt med deg vedrørande tilkomst til friområde på gbnr 137/351.

**Vurdering av saka**
Kommunen var på synfaring på gbnr 137/351 den 03.09.21 for å følgje opp spørsmål om manglande tilkomst til friarealet.

Vi har samanlikna godkjente tiltak på eigedommen din (gbnr 137/361) med dei faktiske tilhøva på staden og finn at utført arbeid ikkje er i samsvar med det som er godkjent.

Dette gjeld tilkomst til friareal mellom gbnr 137/361 og 137/727. Per i dag framstår arealet som ein privatisert del av gbnr 137/361 og er ikkje tilrettelagt slik det er satt vilkår om i løyve til oppføring av bustad.

| | |
|---|---|
|  |  |
| Godkjent situasjonsplan | Foto 03.09.21 |

Vi orienterer difor om at saka per i dag har status som eit ulovleg tilfelle som kommunen på eit tidspunkt kan komme til å følgje opp etter pbl §32-5.

Kommunen oppmodar med dette brevet om at du retter opp i det ulovlige tilfellet slik at tiltaket vert i samsvar med det som er godkjent. Alternativt kan du forsøke å få tiltaket godkjent ved ein endringssøknad frå det som opprinneleg var godkjent.

**Kva skjer vidare**
Vi vurderer at tilhøva på staden slik det går fram per dags dato som mindre alvorleg og vil difor ikkje gå vidare med saka på noværande tidspunkt.

Kommunen kan på eit seinare tidspunkt finne grunnlag for å ta saka opp att og krevje at du rettar opp i dei tiltaka som ikkje er i samsvar med det som er godkjent. Det kan også bli aktuelt å vurdere saka på nytt dersom situasjonen og bruken på eigedommen endrar seg frå slik vurderte det på noværande tidspunkt.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/268.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Runar Erlend Hilland | Ikenberget 11 | 5911 | ALVERSUND |